

# Møteinkalling

---

**Utval:** **Folgefonna nasjonalparkstyre**

**Møtestad:** Epost

**Dato:** 05.10.2020

**Tidspunkt:**

---



## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 41/20	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 42/20	Framlegg - Søknad om oppføring av stølshus etter brann - Tveitnessetra - Furebergsdalen		2020/12904

**ST 41/20 Godkjenning av innkalling og dagsorden**



Arkivsaksnr: 2020/12904-0

Sakshandsamar: Jostein Klette

Dato: 11.09.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	42/20	05.10.2020

## Framlegg - Søknad om oppføring av stølshus etter brann - Tveitnessetra - Furebergsdalen

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 1.3 b)*, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Botakst AS som ansvarleg søker løyve til ny oppføring av bygning på Tveitnessetra – Furebergsdalen.

For løyve gjeld følgande vilkår:

- Løyvet gjeld for gjenoppbygging av 1 bygg etter brann på same lokalisering.
- Søknad (datert 21.08.2020), teikningar av fasade (datert 15.11.2020) og plan og snitt (datert 15.11.2020) skal vera gjeldande for størrelse og utforming av bygget.
- Byggeavfall skal vera rydda og fjerna innan 1. desember 2020.

---

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen
	Ænesdalen
	Bondhusdalen
	Buer
Naturreservat	Langebudalen



## Saksopplysningar

Tveitnessetra ligg i Furebergsdalen. Det er her to stølshus. I september 2019 brann det eine bygget ned. Det vart ikkje søkt om gjenoppbygging til nasjonalparkstyret men nasjonalparkforvaltaren vart gjort merksam på tiltaket når utførande verksemde, Kvinnherad bygg AS, søkte om å fly ut utstyr og materiale, i epost datert 29.06.20. Det vart gjeve løyve til å fly ut utstyr i delegert vedtak frå nasjonalparkstyret, jf vedtak datert 29.06.2020.

Nasjonalparkforvaltaren hadde då eit møte med Kvinnherad bygg AS der ein vart informert om at det var ført opp eit nytt bygg som erstatning for det som brann ned. Forvaltaren ba om at det vart sendt inn formell søknad til handsaming i nasjonalparkstyret.

Grunneigar meldte inn saka til forsikringsselskapet etter brannen. Ettersom dette var ein forsikringssak vart Botakst AS engasjert av forsikringsselskapet Fremtind AS til å vera ansvarleg for søknad om nyoppføring. Botakst AS er lokalisert på Kvernaland i Sandnes kommune. Ansvarleg søker Botakst AS fekk rammeløyve frå Kvinnherad kommune til igangsetjing av tiltaket i brev datert 11.06.2020. Det vart ikkje sendt kopi til nasjonalparkstyret. Av postlista til kommunen kjem det fram at søker har hatt dialog med Kvinnherad kommune, men det vart her ikkje vist til at stølhuset låg i nasjonalparken eller at tiltaket måtte avklarast med nasjonalparkstyret.



Figur 1 syner lokalisering av Tveitenessetra - Kvinnherad kommune.

Flybilete syner at det aktuelle bygget ikkje var oppført i 1962 men er oppført i 2003. Måling av grunnflate frå flyfoto syner ei grunnflate på omtrent 28 m<sup>2</sup>.



Figur 2 syner flyfoto med aktuell bygg merka med raud sirkel.

Søker viser til at:

«Vi står som ansvarlig søker og har tegnet ny sæterhytte på Mauranger etter brann. Igangsettelsestillatelse IG (2020/299-6) ble gitt av kommunen 11.06.2020.

Det var lite dokumentasjon på hytten som stod der før. Vi har fått oppgitt mål og tilpasset den stort sett slik den gamle var med 26m<sup>2</sup> BYA. Gesimshøyde på ca.3 meter og mønehøyde på ca.4.3m. Hytten er kledd i med trepanel og takplater i stål, tilsvarende materialer/utførelse som den som brant ned.

Hytten er oppført på pilarer tilsvarende den som brant ned. Ny hytte er plassert på samme sted som før brann. Hytten vil bli brukt som sæterhytte ifbm gårdsdriften. Hytten er nå ferdigstilt og det vil bli søkt om ferdigattest.


Transport med helikopter er søkt av entreprenør. Vi var ikke klar over at hytten lå i nærhet til Folgefonna nasjonalpark. Vi har hatt dialog og forhåndskonferanse med kommunen og har dessverre ikke blitt gjort oppmerksom på dette».


Vedlagte teikningar syner bygget som er omsøkt med mål og fasader.



Vest

Nord





Forvaltar har bede om dokumentasjon på bygget som opprinnleig stod her og har fått oversendt eit bilet som syner deler av framsida. Det skal ikkje vera andre bilete av bygget ut frå det vi har fått opplyst.

## Rettsleg grunnlag

Utgangspunktet er at alle byggetiltak er forbode i nasjonalparken, jf. verneforskriften § 3, punkt 1.1.

Ved brann eller liknande kan nasjonalparkstyret gje løyve til:

« 1.3 Forvalningsstyresmakta kan gi løyve til:

b) Ny oppføring av bygningar som går tapt ved brann eller anna naturskade.

*Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og vere tilpassa landskapet».*

I forvaltningsplanen er det peika på at det bør utarbeidast retningslinjer for kva som kan rekna som tradisjonell byggeskikk i området. Det er i dag ikkje utarbeida slike retningslinjer. For kulturminner er det vist til at fylkeskommunen sine råd om tradisjonell byggeskikk skal leggast til grunn.

Omsøkte tiltak skal i tillegg vurderast i høve til sakshandsamingsreglane i Naturmangfaldlova § 8-12.

## Vurdering av naturmangfaldlova § 8-12

Tiltaket omfatter eit nytt bygg som skal erstatte det nedbrente stølshuset som brann ned i august 2019. Ein vurderar at bruken av området vil verta omtrent den same på bakgrunn av



---

at bygget får same grunnflate og omtrent same mønehøgde. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vera godt nok ut frå omsøkte tiltak. Tiltaket er vurdert til å ikkje ha konsekvensar for naturmangfald eller vera i strid med føremålet med vernet. På bakgrunn av dette er NML 9-12 ikkje vurdert.

### Vurdering av tiltaket

Nasjonalparkstyret kan med heimel i verneforskriften vedta å opne for oppattbygging av stølshus som er gått tapt i brann. Generelt vil ein setje eit vilkår om at bygget vert oppført i tradisjonell byggestil og at det ikkje er gjort større endringar i størrelse eller utsjånad.

Bygget er oppført etter 1962 og før 2003. Grunneigar veit ikkje når bygget vart oppført men skal ha stått der i heile hans levetid. Det vil sei at det har blitt oppført mellom 1962 og midt på 1970-talet. Bygget er ikkje oppført som eit tradisjonelt stølshus og hadde difor heller ikkje ein tradisjonell byggjestil. Bygget var oppført som ei enkelt hytte.

Grunnflate på bygget er omtrent som opprinnelag. Høgde er usikkert. Ut frå biletet kan det sjå ut som om det er gjort ei heving på 20-30 cm, men det er vanskeleg å sei ut frå tilgjengeleg dokumentasjon. Fasadane på omsøkt bygg har større vindusflater enn det ein antar at eit eldre bygg har hatt. Nye fasader har mellom anna stort vindauge ved dør. Nye fasader kan imidlertid ikkje seiast å vera eit stort avvik.

Ein finn det sannsynleg at nytt bygg har fått ein anna fasade enn opprinnelag. Dette kan vera utfordrande i høve til tradisjonell byggjestil. Det bør leggast til grunn ein restriktiv praksis når det gjeld endring av fasader og utsjånad på bygg i nasjonalparken. Dersom ein skal kunne legge til grunn dette må ein imidlertid ha eit dokumentasjonsgrunnlag å bygge på. Dette grunnlaget har ein ikkje her. Nytt bygg har heller ikkje ein vesentleg endra fasade i høve til det som kan kallast ein tradisjonell stil på nyare bygg. I tillegg er grunnflate og høgde omtrent tilsvarande, ut frå tilgjengeleg informasjon.

På det grunnlaget så tilrår ein å gje løyve til nytt bygg til erstatning for det som brann ned.